

FAKTA



HARDANGERBRUA

RV.07/RV.13 HARDANGERBRUA ULLENSVANG OG ULVIK KOMMUNAR I HORDALAND

Hardangerbrua vil erstatte dagens ferjesamband på riksveg 7/riksveg 13 mellom Bruravik og Brimnes.

Brua vil tene fleire føremål:

- Gi betre kommunikasjonar lokalt i indre Hardanger
- Gi lettare regionalt transporttilbod mellom Odda og Voss og mellom Bergen og Hardanger, samt vidare mot Øvre Hallingdal
- Gi betre tilbod for fjerntrafikk med ferjefritt samband aust – vest og nord – sør

28. februar 2006 vart Hardangerbrua vedteken i Stortinget.

TEKNISKE FAKTA

Brua

Hardangerbrua er planlagt som ei tofelts hengebru med gang og sykkelveg. Brua får eit hovudspenn på 1310 m og ei total lengde på 1380 m. Bru-tårna får høgde 186 m over fjorden. Seglingshøgda er planlagt til 55 m.

Tilførselsveg og tunnelar

På nordsida startar tilførselsvegen i ei tre-arma rundkøyring inne i den eksisterande Vallavik-tunnelen. Krysset fordeler trafikk mellom Granvin, Ulvik og Hardangerbrua. Tunnelarmen mot Hardangerbrua går over den eksisterande Dønnotunnelen, og direkte inn på brua.

På sørsida går vegen frå brua direkte inn i ein ca. 1200 m lang tunnel som endar opp i ei tre-arma rundkøyring i fjellet. Denne rundkøyringa får ein tunnelarm i retning Kinsarvik og ein i retning Eidfjord.

PROSJEKTERING/BYGGEPLANLEGGING

Brua

Prosjektering av brua skal utførast av Statens vegvesen seksjon for bruteknikk i Vegdirektoratet. Her er erfaringa stor ettersom seksjonen har prosjektert alle hengebruer i Norge, utanom hengebruene i Trekantsambandet. Vegdirektoratet vil hente inn konsulenthjelp i dei fagområda det er naudsynt. Prosjekteringa starta i mars 2006, byggeteikningar og konkurransegrunnlag skal vere ferdig i oktober 2007.

Tilførselsveg og tunnelar

Prosjektering og byggeplanlegging av tilførselsveg og tunnelar vert gjort av konsulentfirmaet Opticonsult AS i Bergen. Prosjekteringsarbeidet starta i juni 2006 og skal vere fullført vinteren 2007.

Anleggsperiode

Byggearbeida (tilretteleggingsarbeid etc.) startar ved årsskiftet 2006/2007. Anleggstart vert våren 2007. Tilførselsveg og tunnelar vert den første hovudentreprisen. Installasjonar og styring av tunnelane vil bli utført i eigen entreprise seinare i byggeperioden. Entreprisen for bruarbeida vil starte våren 2008. Hardangerbrua er planlagt opna for trafikk sommaren 2011.

Trafikktal

Trafikken er berekna å auke i opningsåret frå ca. 1150 til 2000 bilar i døgeret.

Finansiering

Prosjektet er kostnadsrekna til 1810 mill. 2005-kroner. Finansieringa av prosjektet er basert på ein kombinasjon av innspara ferjekostnader, fylkeskommunale og kommunale tilskot, bompengar og statlege midlar.



Statens vegvesen

BOMPENGESATSAR OG INNKREVJING

Infrastruktur

- Manuell/automatisk innkrevjing vil bli avklara under planleggingsarbeidet.

Bompengar

- På Ferjesambandet Bruravik Brimnes vil det i ca. 5,5 år verte kravd inn bompengar. Gjennomsnitt takst 28,50 kr/køretøy
- Bompengar på brua i ca. 15 år. Gjennomsnitt takst 126,70 kr/køretøy



Oppdatert informasjon om prosjektet finn du på www.vegvesen.no under prosjekter i Region vest.


www.vegvesen.no/hardangerbrua

Byggherre

Statens vegvesen region vest er byggherre for prosjektet og er ansvarleg for gjennomføringa. Prosjektleiari Øivind L. Søvik
Telefon 55 51 63 22
e-post: oivind.sovik@vegvesen.no

Andre medarbeidarar:

Magne Mo, prosjekteringsleiar/byggeleiar tilførselsvegar
Asbjørn Valen, prosjekteringsleiar/byggeleiar brua
Magna F Vangsnes, grunnerverv, Vallavik
Frode Knudsen, grunnerverv, Bu
Bjørn Isaksen Statens vegvesen, vegdirektoratet, seksjon for bruteknikk
Pål Jørgensen, arkitekt, Forum Arkitekter



Statens vegvesen